

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
Postboks 24
5401 STORD

Vår dato: 25.08.2017
Vår ref.: 201703360-2
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Solveig Willgohs
22959245/sowi@nve.no

Ny 66 kV leidning Litledalen–Hardeland. Oversending av løyve

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) konsesjon for å byggje og drive ein ny 72,5 kV jordkabel og ein ny 24 kV jordkabel mellom Litledalen koplingsstasjon og Hardeland kraftverk. Kablane har ei lengd på 2150 meter, og ligg i Etne kommune i Hordaland fylke. NVE gjev samtidig SKL løyve til å rive eksisterande luftleidningar på same strekning. Vedlagt følgjer NVE sitt løyve av i dag. Dokumenta kan òg finnast på www.nve.no/kraftledninger.

Det er mogeleg å klage på løyvet, sjå opplysningar i konsesjonsdokumentet. Eventuelle klager vert sendt til SKL for uttale før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Søknaden

NVE fekk søknad frå SKL AS den 31. mai 2017 om å byte ut dagens to 72,5 kV luftleidningar frå Hardeland kraftverk til Litledalen koplingsstasjon med ein jordkabel (Kart 1). SKL grunngev søknaden med at dagens produksjonsleidningar i luft er gamle og må erstattast innan ein 10-års periode. SKL ønskjer då å erstatte desse med ein jordkabel med merkespenning 72,5 kV og driftsspenning 66 kV. SKL har inne ein søknad om Løkjelsvatn kraftverk med tilhøyrande nettilknytning til eksisterande luftleidning til behandling hjå NVE. Denne søknaden om nettilknytning av Løkjelsvatn bortfell då eksisterande luftleidning skal rivast ved bygging av den no omsøkte 72,5 kV kabelen. Ved ein eventuell konsesjon, vil Løkjelsvatn i koplast til ny 72,5 kV kabel. SKL opplyser at utskiftinga av de to 66 kV leidningane er naudsynt uavhengig av om Løkjelsvatn kraftverk får konsesjon, grunna alder. Dersom Løkjelsvatn kraftverk får konsesjon, vil det erstatte to av tre aggregat i Hardeland kraftverk, mens det siste aggregatet i Hardeland fortsatt vil vere i drift, og det attverande aggregatet vil koplast på ny 24 kV kabel som beskrive under.

Det går i dag òg ein 11 kV leidning til stasjonsforsyning i Hardeland kraftverk og vidare til reguleringsanlegga i fjellet ved Hjørnås. Frå Hardeland kraftverk til Hjørnås er leidningen bygd for 24 kV, men drifta på 11 kV. På strekninga mellom Litledalen og Hardeland kraftverk er leidninga bygd for 11 kV spenning, og det er ønskjeleg å skifte ut dette så snart som mogleg til 24 kV spenningsnivå (Kart 1). 11 kV er eit utgått spenningsnivå hjå SKL og er ugunstig i beredskapssamband. I tillegg er 24 kV eit meir standardisert spenningsnivå og difor enklare og billigare å byggje.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK


Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

I samband med utskiftinga av leidningane, er det naudsynt å byggje ein ny nettstasjon og byte ut transformatorane i nokre av dei eksisterande nettstasjonar langs strekninga Litledalen–Hardeland for å leggje til rette for 22 kV spenning. Det vil byggjast ny Hardelandsvatn (dam) nettstasjon, 22/0,415 kV (100 kVA) og ny transformator i Hardeland (kraftstasjon) nettstasjon, 24/0,4 kV (315 kVA). Det vil òg verte bygd ein ny koplingsstasjon ved Litledalen med fem nye 22 kV koplingsfelt. Det vil også vere naudsynt å byte ut transformatorkapasiteten på tre av fem nettstasjonar på eksisterande 22 kV leidning Hardeland–Hjørnås. Dei gjeldande stasjonane er Skarstøl K8 yting 50 kVA og ny omsetnad 22/0,23/0,415 kV frå 11/0,23 kV, Olahålo med yting 100 kVA og omsetnad 22/0,415 kV frå 11/0,23 kV, Hjørnås med yting 100 kVA og omsetnad 22/0,23/0,415 kV frå 50 kVA og 11/0,23 kV.

Då SKL likevel skal gjere arbeid på eksisterande anleggsveg mellom Litledalen og Hardeland kraftverk, ønskjer dei å leggje kablane samstundes med dette arbeidet, då dette er lønsamt både økonomisk og praktisk. Tiltaka er berekna å koste om lag 8 MNOK.



Kart 1: Oversiktskart over tiltak som gjeven i konsesjonssøknad, 2017.



Kart 2: Kabeltrasé. Gul strek syner kabeltrasé i veg. Blå strek syner bratt parti der kabelen er planlagt langs rørgata. Raudt syner der kabelen leggjast i rørgate i grusveg/grasbakke.

Kabeltraseen vil gravast ned langs eksisterande anleggs- og skogsvegar i 1,7 km lengd og vil ikkje beslagleggja nytt areal. Dei neste 400 metrane vil traseen følgje om lag 230 m i brattheng langs rørgata til Litledalen kraftverk. Dei siste 180 metrane vil traseen følgje rørgata langs grusveg og grasbakke fram til Litledalen koplingsstasjon. Det vil verte eit om lag 5 meter breitt byggjeforbodsbelt i kabeltraseen.

SKL opplyser at oppgraderinga av vegen vil skje i samarbeid med Etne kommune som òg eig delar av vegen, og at dei forventar å skrive under avtale med privat grunneigar snarleg. SKL har derfor ikkje søkt om oreigningsløyve.

NVE si handsaming og vurdering av søknaden

NVE si handsaming

NVE sendte søknaden på avgrensa høyring den 29. juni 2017 til DSB, Etne kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Haugaland Kraft Nett AS, Statnett og grunneigar Johannes Onstein. Høyringsfreista blei sett til 18. august 2017 grunna fellesferien. Det kom inn fire høyringsfråsegner til søknaden. SKL kommenterte høyringsfråsegnene i brev av 22. august 2017.

Etne kommune skriv i e-post av 4. august 2017 at dei støttar søknaden om ny jordkabel, og at det er positivt at ein får fjerna fleire av dagens luftleidningar i området då det vil gagne landskapet. Kommunen har hatt nær kontakt med SKL om prosjekta i Litledalen, inkludert utbetring av anleggvegen opp til Hardeland.

Fylkesmannen i Hordaland skriv i brev av 10. august 2017 at dei er einig i søkjar si vurdering av konsekvensane av tiltaket og har difor ikkje vesentlege merknader i saka.

Hordaland fylkeskommune skriv i brev av 10. august 2017 at de ikkje har kjennskap til at det finnes kjente, automatisk freda kulturminne langs ny kabeltrasé, og meiner at potensialet for nye funn er lita. Traseen for leidninga som skal rivast går i gammalt kulturlandskap, men fylkeskommunen meiner potensialet er så lite at dei ikkje vil sette i verk kulturminneundersøkingar, men understrekar at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd under arbeida. Fylkeskommunen syner til meldeplikt etter kulturminnelova § 8 andre ledd, dersom automatisk freda kulturminner som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekka under gjennomføringa av tiltaket, må dette meldast

til Fylkeskonservator i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet.

Fylkeskommunen syner til at i verdikart for Fylkesdelplan for små vasskraftverk som viser at området grensar opp mot leveområde for villrein og ber NVE ta kontakt med rette myndigheit for å avgjere om det kan vere ei utfordring med omsyn til anleggsarbeida. De påpeiker òg at Litledalsvatnet er vandringshinder for anadrom fisk, noko det er viktig å ta omsyn til under anleggsarbeida og unngå forureining og slam i elva nedanfor vatnet.

Fylkeskommunen understrekar vidare at å fjerne luftleidningar og legge ny leidning som kabel er positivt i eit område som er vurdert som «svært viktig» for friluftslivet i området, og tiltaket er i tråd med strategien i Klimaplan for Hordaland. Fylkeskommune oppfordrar likevel SKL Produksjon til å vise omsyn til biologisk mangfald og friluftsliv, særskild i anleggsperioden.

SKL skriv at dei vil vise generell aktsemd i tråd med kulturminnelova § 8 andre ledd. Dei meiner at problematikken kring villrein ikkje er aktuell i denne saka. SKL skriv at dei vil utføre tiltaket på ein skånsam måte for miljøet og unngå utslepp i elva og vatnet.

Haugaland Kraft Nett AS skriv i fråsegnskjema av 18. august 2017 at dei er samd i at dei gamle leidningane må skiftast ut på grunn av alder. Haugaland Kraft Nett har i sin plan for regionalnettet kring Litledalen å auke spenninga i regionalnettet frå 66 kV til 132 kV i eit tidsperspektiv på 20–40 år, difor meiner dei at dei nye kablane må isolerast for 145 kV slik at den òg etter spenningsauke kan brukast. I først omgang vil regionalnettet driftast i underkant av 66 kV. Dei meiner at kostnadane ved å isolera for 145 kV i staden for 72,5 kV ikkje er så store, slik at det vil vere lønsamt å isolere for 145 kV allereie no.

SKL skriv i sin kommentar til fråsegna at isolering for 145 kV i staden for 72,5 kV vil verte om lag 6,4 MNOK dyrare, det er då ikkje tatt omsyn til auka byggjekostnader. Ein slik ekstrakostnad vil truleg skrinleggje det no planlagde prosjektet. SKL syner til at leidningane som er søkt om er reine produksjonsleidningar og ikkje ein del av regionalnettet og dei kan ikkje så at det ut i får kapasitetsbehov er naudsynt å spenningsoppgradere strekinga til 145 kV. SKL meiner òg at det er så lang tidshorisont på oppgraderinga av regionalnettet, at det kan vere aktuelt å reinvestere kablane det no vert søkt om, og at det difor ikkje vil vere rasjonelt å gjere denne tilleggsinvesteringa no. Dei meiner òg at det kan vere eit fullgodt alternativ å etablere ein 66/132 kV transformatorstasjon i Litledalen når regionalnettet vert lagt om.

NVE sine vurderingar

NVE meiner det er fornuftig av SKL å samkøyre arbeida med oppgradering av vegen og leidningane med tanke på effektivitet og for å spare kostnader, og har ingen innvendingar mot dette.

NVE merkar seg Haugaland Kraft Nett sin kommentar om å isolere kabelen for 145 kV i staden for 66 kV for å leggje til rette for spenningsoppgradering av regionalnettet om 20–40 år. NVE er samd i SKL sin kommentar til dette. Samstundes har NVE motteke melding frå Haugaland Kraft Nett for ny 132 kV leidning Ølen–Våg–Bratthammar–Spanne som no er til handsaming hjå NVE. Dersom denne leidninga vert bygd, er planen å drifte på 66 kV spenning på ubestemt tid og NVE meiner at det ikkje er naudsynt eller økonomisk fornuftig for SKL å forskottere ein eventuell spenningsoppgradering så langt fram i tid for ein rein produksjonsleidning. NVE vil likevel påpeike at det er SKL som vil måtte tilpasse seg ein eventuell spenningsoppgradering i overliggande nett som dei er tilknytt, og å ta kostnadene ved denne tilpassinga.

Verknader for allmennheita og miljø

Søkjar opplyser at området der traseen går langs røyrkata i bratthenget består av regiontypisk blandingsskog med førekomst av ask (Illustrasjon 1). Ask er ført opp som nasjonalt raudlista, men er regionalt og lokalt utbreidd. Utover dette har ikkje søkjar funne andre artar eller naturtypar med særskilde verdiar. Søkjar opplyser at det er lite jordsmonn, og stein og ur dominerer lausmassedekket i skråninga. Delar av ein steinfylling er òg godt synleg i det markerte området i Illustrasjon 1. Området er prega av større tekniske installasjonar som røyrgate og eksisterande 66 kV og 11 kV leidningar som er søkt fjerna. Området er ifølgje SKL ikkje nytta som turområde. SKL vil for hovudsakeleg etablere kabeltraseen parallelt med og tett ved eksisterande røyrgate. Avhengig av mellom anna grunnforhold kan det verte naudsynt å trekkje traseen noko lenger nord frå røyrkata i bratthenget. I anleggsfasen vil det då vere behov for ein 15-20 meter brei trasé i dette partiet. SKL vil revegetere traseen med stadlege massar.



Illustrasjon 1: Raud ring syner område langs traseen med førekomst av ask. Kilde konsesjonssøknad, 2017.

Fjerninga av 66 kV- og 11 kV leidningar vil ha ein positiv verknad for landskapsopplevinga og friluftslivet i området både ved at leidningane fjernast og at traseane kan gro att med vegetasjon. I følgje SKL vil areala som vert frigjeven vere vesentleg større enn areal som midlertidig må ryddast i anleggsfasen ved legging av kabel. Vidare legg leidningane i dag avgrensingar for landbruket der dei kryssar dyrka mark.

NVE har gjort søk i Miljødirektoratets database Naturbase, og ikkje funne at tiltaka vil røre registrerte utvalde naturtypar, raudlista artar eller kulturminne. NVE meiner at ein kabeltrasé langs eksisterande infrastruktur i liten grad vil endre tilhøva for naturmangfaldet og landskapet samanlikna med i dag, men at ein i anleggsfasen i størst mogleg grad må unngå nye inngrep i lauvskogen.

Hordaland fylkeskommune ber NVE ta kontakt med rett mynde for å kartleggje eventuell konflikt med leveområde for villrein då området ligg på grensa til leveområdet. Etne kommune inngår ikkje i villreinområde. I konsekvensutgreiinga for Litledalen kraftverk som NVE har til handsaming, står det:

- «Området er en del av beiteområdet til Bjørndalen og Midtre Etnesfjell Villreinlag, som er en del av Skaulen Etnesfjell villreinområde. Villrein ble første gang satt ut i området i 1990 (18 dyr), og første dyr ble felt i 1992. Reinen i området har i seinere år utvandret fra Bjørndalen og

Midtre Etnefjell, og trolig blandet seg med rein på Hardangervidda. Det er ikke felt villrein i området siden 2004-2005, og per i dag består flokken trolig bare av 4-5 dyr (pers. medd. Steinar Grindheim).»

- «Som nevnt tidligere er villreinstammen i området nesten borte. Den har lenge hatt en nedadgående trend og personer i den lokale villreinforvaltningen antar at villrein vil være borte fra området om kort tid (pers. medd. Steinar Grindheim). Området er derfor ikke verdisatt som beiteområde for villrein.»
- «Villrein finnes i området, men på grunn av svært liten stamme, og fordi det ikke er kjent at området har særskilt viktige funksjonsområder for rein, vurderes ikke anleggsfasen å påvirke arten i vesentlig grad.»

NVE har ikkje motteke høyringsfråsegner til Litledalen kraftverk som omtalar konflikt med villrein. NVE meiner difor at ut i får sakens avgrensa omfang ikkje er naudsynt med vidare kartlegging av eventuell konflikt eller behov for å stille særskilde krav om tilpassing av anleggsarbeider. NVE meiner at saka er godt nok opplyst ut i frå opplysingane vi har i samband med Litledalen kraftverk, og vurderer at tiltaket ikkje er konflikt med viktige funksjonsområder for villrein.

NVE meiner at det er positivt at tre luftleidningar vert fjerna, og at tiltaket totalt sett vil gje positive verknader for naturmangfaldet, landskapet og friluftslivet samanlikna med i dag.

Med omsyn til Litledalsvatnet som vandringshinder for anadrom fisk, meiner NVE at SKL kan ivareta dette gjennom naudsynte tiltak som hindrar avrenning frå anleggsarbeida.

NVE sitt vedtak

NVE legg til grunn at eksisterande leidningar er gamle og må skiftas ut. NVE meiner det er fornuftig av SKL å samkøyre arbeidet med vedlikehald av tilkomstvegen til anlegga. Etter NVE si mening vil tiltaka ha positive verknader for naturmangfaldet og ålmenta ettersom tre luftleidningar vil verte fjerna og traseane kan gro att. Ny trasé vil kome i samband med noverande infrastruktur, og NVE meiner difor at dette ikkje vil gje særskilde endra verknadar for naturmangfaldet og ålmenta samanlikna med i dag.

NVE vil difor gje konsesjon som omsøkt etter energiloven § 3-1 for å bygge ein ny 72,5 kV jordkabel og en parallell 22 kV jordkabel mellom Litledalen koplingsstasjon og Hardeland kraftverk. NVE vil sette vilkår om at det skal brukast stadegne masser ved revegetering.

Orientering av systemansvarleg

NVE syner til forskrift om systemansvaret i kraftforsyninga. Konsesjonæren pliktar å informere systemansvarleg i tråd med krava i gjeldande forskrift. Nye anlegg eller endringar i eksisterande anlegg kan ikkje setjast i drift utan etter vedtak frå systemansvarleg. Plikta til å informere systemansvarleg gjeld òg ved seinare endringar av anlegget som ikkje utløyser krav om ny anleggskonsesjon.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Solveig Willgohs
rådgjever



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Anleggskonsesjon (NVE 201703360-7)